



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 26.11.2025

Vår ref.: 202314164-12 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om å auke slukeevna i Vaka kraftverk AS i Vindafjord kommune, Rogaland fylke

NVE har fått ein søknad frå Vaka kraftverk AS om løyve til å auke slukeevna for Vaka kraftverk i Vindafjord kommune frå 480 l/s til 865 l/s. Søknaden skal behandlast etter vassressurslova.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden blir difor berre sendt på høyring til Vindafjord kommune, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland med høyringsfrist 22.01.2026.

Her finn du søknaden

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9147/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Vi ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av planane. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn kan sendast inn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9147/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202314164 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202314164 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **22.01.2025**.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom fråsegna er lange, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Vindafjord kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Anne Gunvor Berthling

Senioringeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
VINDAFJORD KOMMUNE

Kopimottakarliste:

KAMBO ENERGI AS - EGIL KAMBO
VAKA KRAFTVERK AS